

Referat frå Samarbeidsutvalet/ Skulemiljøutvalet på Gol skule torsdag 07.11.2019

Presentasjon av deltakarane:

Jan Kattenberg Gol kommune, Aasha Katrine Bergman barnerettleiar småskulen, Liv Bjørsvik pedagog småtrinn/mellomtrinn, Morten Nerli pedagog ungdomstrinnet, Vidar Nerheim FAU, Rolf Blakkestad FAU og Ellen Wang Fredriksen Gol kommune.

Forfall: Representantar frå elevråda.

Sak 1: Skulens utviklingsområde

Kort informasjon om

Fagfornyninga: Gol skule er pilotskule i dette arbeidet. Det handler om innføringa av ny nasjonal læreplan. Udir.no har utfyllande informasjon om kva vi skulen jobber med. Fagfornyninga gjeld frå august 2020 for 1.-9. trinn. 10. trinn og VGO kjem med frå august 2021.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø: Gol skule har vore med i dette arbeidet i 2 år allereie (pulje 2) Nå venter enda ein periode (pulje 4) Innhaldet i dette utviklingsarbeidet handlar om å skape/ jobbe for å få, ein skule der alle føler seg inkludert. Det handlar om inkluderande undervisning og psykososialt miljø.

Sak 2: Skulemiljøet

Det er stort sett greie og arbeidssame elevar på skulen vår. Men, i ei tid nå har det vore nokre elevar som driv med hærverk både på skulens ute- og inneområde, og i Gol sentrum. Politiet er involvert og dei meiner det kan vera snakk om at det er dei same som gjer hærverk både på skulen og i sentrum. Skulen har styrka antall vaksne i inspeksjon og låserutinar. Politiet og ordførar har vore på aktuelle trinn og snakka med elevane utan at vi har sett nokon betring

Sak 3: Ordensreglementet.

Forslag til endringar frå rektor: Det har vore ein aukande tendens at ting blir borte/øydelt/ stjåle frå elevgarderobane. I ordensreglementet står det «*Ha verdisaker i skåpet ditt*». Rektor vil undersøke kva for reglar som gjeld og kva for reglar Gol kommune ønsker i reglementet ut over dette. Skal skulen i nokre tilfelle erstatte eller skal det gjerast ei tilføyning i reglementet at ; «*Ting som blir borte, må du til vanleg erstatte sjølv*» Skulen vi ta dette vidare til UKL/kommunedirektøren for ei vurdering.

Sak 4: Evt skulemiljøsaker frå Elevrådet :

Ingen representantar frå elevrådet møtte på SU/SMU

Eventuelt: Gol skule har fått ein plakett med Trafikksikker skule. Dette inneber at skulen har ein trafikkplan som er i tråd med Gol kommune og Trygg trafikk sine retningslinjar.

Med helsing

Ellen Wang Fredriksen